

Elevrådsmøtet, ekstraordinært, 19.10.2023

Desse møtte

5 og 6.trinn:

Repr: Adrian

Vara: Selina

7.trinn

Repr: Johannes

Vara: Alan

8.trinn

Repr: Malene

Vara: Ida – ikkje kalla inn

9.trinn

Repr: Isak

Vara: Sebbe – ikkje kalla inn

10.trinn

Repr: Helene

Vara: Torstein – ikkje kalla inn

Rektor Gunnlaug Olsvoll Røed, referent

Stad: Kantina

Tid: kl 09.00

Leia av Isak

SAK

Informasjon om mellombels skulebygg og flytteprosess

23.10.2023: Kantina stengt og vert nytta til lager for det som skal kastast.

Før innflytting: Vert ein periode på ungdomskulen der vi ikkje har tilgang til internett og smart-tavler.

02.11.2023: Ungdomskuleelevane er med og flyttar over i mellombels skulebygg.

03.11.2023: Tilsette ferdigstiller flyttinga over i mellombels skulebygg

06.11.2023: Første undervisningsdag i mellombels skulebygg.

17.11.2023: Siste undervisningsdag i spesialromma; skulekjøkken, formingssal, musikkrom, naturfagsalen. Solund kommune har dialog om leige med NNKA om lokale for kunst og handverk og Kyrkjetunet til mat og helse. Det vert endringar på bruk av klasseromma på barneskulen: 3./4.trinn sitt klasserom vert musikkrom og naturfag og del av kunst og handverk må gjennomførast i klasseromma. Det er ønskjeleg å halde fram med fellesmåltida. Truleg vert det servering i dei ulike klasseromma.

20.11.2023: Bygda skal få melde si interesse og hente ut det dei vil ha av inventar som ikkje skal vere med vidare til mellombels skule eller nytt skulebygg.

01.12.2023: Åsen og Øverli overtar skulebygget.

Spørsmål om uteområdet.

Delar av dagens uteområdet vil verte stengt. Rektor veit ikkje kor mykje og korleis. Skulen skal ha

vekentlege møte med entreprenøren i byggefasen der dialog og informert vert utveksla. Vi prøver å få til eit uteområde ved modulskulen. Bordtennisbord og benkar er ønskja å setje bort. På vegne av FAU har rektor spelt inn ønskje om eit overbygg til å vere under når ein er ute.

NBNB:

1. Ingen øydeleggingar, verken ute eller inne, skal verte utført av elevane (eller tilsette) på eller rundt gamalt skulebygg. . Det er ma krav om kildesortering og korleis handtere avfall. Dersom Åsen og Øverlid kjem til eit rasert bygg/område vert det ekstra-arbeid og –kostnad.
2. Vi får heilt nye modular og Solund kommune leiger desse. Difor skal mellombels skulebygg verte handtert på ein respektfull og fin måte. Evt øydeleggingar vert handtert i tråd med ordensreglane.

HALLOWEEN

Det vert arrangert Halloween i Solund. 10.trinn sender ut invitasjon i nær framtid.

Møtet ferdig kl 09.25

Referent Gunnlaug Olsvoll Røed